

Byrjar barnet mitt å snakke snart?

Ikkje vent og sjå!



Ei informasjonsbrosjyre til foreldre og føresette.

Utvikling av språk er noko av det viktigaste som skjer i eit barn sitt liv. Språk gjev oss identitet, fellesskap med andre menneske, og kjensle av å høyre til i samfunnet.

Vi uttrykker oss på fleire måtar. Dei fleste brukar talespråk og kroppsspråk. Talespråk er dei orda som kjem ut av munnen, og kroppsspråk kan vere gestar, ansiktsuttrykk og peiking.




Typisk utvikling av språk

Barnet si språkutvikling startar ved fødselen, i samspel med nære omsorgspersonar. Når vi skal beskrive barns språkutvikling er det viktig å skilje mellom språkforståing og språkproduksjon. Med språkforståing meiner ein det som barnet forstår når vi snakkar til det. Språkproduksjon er dei orda barnet brukar sjølv. Språkforståing og språkproduksjon påverkar kvarandre gjensidig.

Barnet utviklar språkleg forståing før det seier sine første ord, og vanlegvis kan barn mange fleire ord enn dei kan uttrykke. For eksempel kan ein eittåring seie nokre få ord; mamma, vov-vov, men han eller ho forstår mange fleire ord. Mellom eitt- og toårsalderen lærer barn ofte sine første 50 ord. Det er store skilnader mellom to-åringar. Nokre har kome langt i språkutviklinga og kan bruke fleire hundre ord. Andre brukar 10-20 ord, men har utvikla seg lenger på det motoriske området. Når barn har lært seg omlag 40-60 ord byrjar dei å setje dei saman til små setningar som «Ball borte». Samstundes skyt ordlæringa fart. To- og treåringen utvidar ordforrådet til å omfatte ulike ordklasser, og uttalen vert tydlegare. Når barn er rundt tre år er setningane lenger; dei bøyer ord, kan stille spørsmål og snakke om idear, tankar og kjensler. Både ordforråd, grammatikk, setningsoppbygging og uttale blir stadig betre opp mot fireårsalderen. Barna har på dette tidspunktet det vi vil kalle eit godt kvardagsspråk.

Er du bekymra for barnet ditt?

Enkelte medfødde tilstandar fører til at barna kjem sein i gang med å snakke, andre får utsøydeleg tale, og nokre barn utviklar ikkje talespråk. Dette gjeld barn med fleire ulike diagnosar. Også barn som ikkje har ein kjend diagnose kan ha vanskar med talespråket. Barn, unge og vaksne kan på grunn av sjukdom eller ulykke miste evna til å snakke.



Sjølv om eit barn ikkje kan snakke, betyr det ikkje at det ikkje forstår språk. Barn tileignar seg ny forståing gjennom å bruke ord. Barn som har vanskar med talespråket, treng derfor å få ekstra hjelp og støtte tidleg.

Dersom du veit at barnet kan få utfordringar med talespråket, vil det vere viktig å gje han eller ho fleire moglegheiter til å kunne uttrykke seg så tidleg som mogleg. Fleire kan ha nytte av teikn til tale frå de er nyfødde. Bruk teikn som for eksempel ete, like, söt, og pupp. Dette kallast «Babytegn».

Barn utan kjend diagnose kan også ha utfordringar med talespråket. Snakk med barnehagen eller helsestasjonen dersom du er bekymra for språkutviklinga til barnet ditt. Dersom barnet er 20-24 månader og ennå ikkje har sagt nokre ord, eller har få ord, er det på tide å be om hjelp.

Nokre barn kan få god hjelp med talespråket av ein logoped, medan nokre kan ha behov for å få opplæring i andre måtar å uttrykke seg på.



Alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK)

Barn vil snakke om mange ting, også ting vi vaksne ikkje har tenkt på. Det kan vere noko dei synest er morosamt, skummelt eller rart. Det kan vere noko dei ser, noko som skjedde i går, eller opplevingar dei har hatt i barnehagen. For å kunne formidle dette, må barn som ikkje kan bruke talespråket få andre moglegheiter til å uttrykke seg. Å kommunisere på andre måtar enn med talespråk omtalast som alternativ og supplerande kommunikasjon, og forkortast til ASK.

ASK er alt som hjelper ein person til å kommunisere effektivt, når tradisjonelle måtar å kommunisere på ikkje strekk til.


Basert på internasjonal forsking blir det antatt at ca. 1% av befolkninga har behov for ASK. Det vil seie at det kvart år blir født mellom 500 og 600 barn i Noreg som vil ha behov for ASK.

Kommunikasjonsform

Kommunikasjonsformer som kan støtte eller erstatte tale er for eksempel bruk av handteikn, fotografi, grafiske symbol eller konkretar. Barn med kommunikasjonsutfordringar kan lære å ta i bruk ulike kommunikasjonsformer.

Eksempel: Ola er to år og har store motoriske utfordringar. Han ser intenst på ei bok som ligg på bordet og mamma forstår at Ola vil at dei skal lese. Mamma peikar på eit grafisk symbol for bok i kommunikasjonsboka hans samstundes som ho seier: «Wil du lese bok?» Ola ser på mamma, smiler og nikkar

Foreldre og nærpersongar er ofte gode på å forstå barnets kroppsspråk. Å skrive ned barnet sitt kroppsspråk, som rørsler, mimikk og lydar og betydninga av disse, vil vere nyttig for at barnet kan oppleve å bli forstått også av andre, for eksempel i barnehagen.




Mange er bekymra for at barnet ikkje vil byrje å snakke dersom ein for eksempel nyttar handteikn. Bruk av andre kommunikasjonsformer vil ikkje hindre barnet i å utvikle talespråk. Tvert imot vil det vere ei god støtte på vegen dersom barnet er forsinka i utviklinga av talespråket.

Kommunikasjonsmiddel

For å forstå og å kunne gjøre seg forstått av andre, kan barn ha behov for både teikn-til-tale og eit eller fleire kommunikasjonsmiddel.

Eit kommunikasjonsmiddel kan vere materielle symbol, ei peiketavle, kommunikasjonsbok eller ei elektronisk talemaskin med grafiske symbol.



Å bruke ASK

Barn som lærer å snakke, lærer det fordi dei er saman med andre som snakkar.

På same måte må barn som skal lære å bruke ASK sjå og høyre andre som brukar og forstår den aktuelle kommunikasjonsforma.

Dersom du veit at barnet ditt har ei diagnose som kan medføre vanskar med talespråket, anbefaler vi å starte med bruk av ASK så tidleg som mogleg. Tidleg innsats er viktig for barnet si språkutvikling. Dette gjeld uavhengig av om barnet vil ha behov for ASK livet ut, eller i ein avgrensa periode på vegen til å utvikle talespråket.

Å kommunisere med barnet på ein annan måte enn med talespråk, vil for dei fleste foreldre opplevast som nytt og framand. Som forelder vil du ha behov for både informasjon, råd og rettleiing.



Kvar kan eg få hjelp?

Dersom du er bekymra for språkutviklinga til barnet ditt, kan du ta det opp med lokal helsestasjon. Går barnet i barnehage kan du ta opp bekymringa di med dei. Både barnehagar og helsestasjonar har kunnskap om barn si språkutvikling. Dei kan gje deg råd og rettleiing, og er kjend med kommunen si Pedagogisk psykologiske teneste (PPT).

PPT har fagpersonar med god kunnskap om barn si utvikling, og kan vere ein drøftingspart for deg. Det er PPT som eventuelt skal vurdere om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Dersom PPT ikkje har nødvendig kompetanse om ASK, kan dei kontakte habiliteringstenesta eller det statlige spesialpedagogiske støttesystemet, Statped.



Dette kan du gjere

Dersom barnet ditt ikkje har byrja å snakke, og de eventuelt ventar på ei utredning, er det mykje du kan gjere sjølv. Her er nokre tips til kva du kan gjere for å stimulere barnet si språkutvikling:

Følg med på kva barnet er opptatt av. Sett ord på, og snakk om det du ser han eller ho er interessert i. Snakk om det du gjer med, og saman med, barnet. For eksempel når du steller, eller hjelper barnet, og når de leikar saman.

Vi kommuniserer med meir enn stemma vår. Bruk ansiktsuttrykk, gestar og peiking samtidig som du snakkar med barnet. Sett ord på det du trur han eller ho uttrykker med ansikt, kropp og eventuelt lydar. Når barnet opplever å bli forstått vil det bli motivert til å kommunisere stadig meir, sjølv om han eller ho har vanskar med talespråket.

Bøker er ei viktig kjelde til å lære nye ord. Les for barnet, og snakk om bøkene og kva dei handlar om. Bruk av song, rim og regler stimulerer også barnet si språkutvikling.



Meir informasjon om ASK

Du kan lese meir om alternativ og supplerande kommunikasjon på Statped sine nettsider www.statped.no/ask

Brukerorganisasjon

ISAAC er ein internasjonal medlemsorganisasjon som arbeider for at barn og vaksne med omfattande kommunikasjonsvanskar skal få betre moglegheiter til å kommunisere. ISAAC Norge har eigne nettsider med informasjon, fagstoff, materiell og lenker til kurs og aktuelle nyhende om ASK på www.isaac.no

